

BOKN BYGDABLAD

Nr 10 - Desember 2000 - Årg. 15



Ungdomsbustader - s. 9



Flott! - s. 10




Takk! - s. 19



Bokn kommune
150 år

Kusymre
kommuneblom i Bokn





ORDFØRAREN RDET

Hei alle saman!

Me nærmar oss nå jul og nyttår igjen, dette året har gått svært fort og eg har vore ordførar i eitt år. Det har vore kjekt og interessant, og eg håpar de er rimeleg fornøyd med tingenes tilstand på Bokn. Sjølv sagt er der mykje som kunne vore betre, og det vil me prøva å gjera noko med. Men eg vil understreka at kommunen ikkje kan gjera alt. Det er i dag fleire ildsjeler som legg ned ein fantastisk innsats for at frivillige lag og organisasjonar skal fungera, desse må me passa på og hjelpa slik at dei ikkje blir utbrende og gir seg. Ein stor takk frå heile Bokn til dei. Me som innbyggjarar må engasjera oss i livet på Bokn, det vera seg idrettslag, speidaren, musikkorps, kristne lag, fritidstilbod for unge, politikk, osv., for at tilboda skal vera der, og det fortsatt skal vera godt å bu på Bokn både for unge og gamle.

Det har vore et fest- og jubileumsår med mange arrangement, som eg trur mange har satt pris på. Det har også vore eit år kor mykje har skjedd på Bokn.

Nytt boligfelt på Austre Bokn, kor der er selt 10 tomter, og eg ønsker alle dei velkomne. I tillegg vil kommunen bygga 4 ungdomsleilighetar der, kontrakten med Block Watne er underskriven og leilighetane skal stå klare 15/8 2001.

På grunn av eit svært godt samarbeid mellom kommunen og grunneigarar/brukarar har me også fått bygd ut vannverket til Øvrabøvågen. Ny barnehage er ferdig, ungane og ansatte trivst svært godt, og det er allerede fleire som har søkt om plass, og utviding er lagt inn i budsjettet for 2001.

Utbygging på skulen er også vedtatt og vil starte opp neste år.

Alle desse utbyggingane, spesielt skuleutbygginga på ca. 16 millionar kroner, sterk lønnsauke og endring av kommunane sin økonomi gjer at Bokn får ein svært stram økonomi framover med svært få investeringar, og ikkje utviding på drifta, heller innsparing.

Kommunestyret skal behandla budsjettet 13/12.

Bokn kommune har satt i gang eit prosjekt for å få etablert nye arbeidsplassar på Bokn. Det er ikkje lett men me har fått ny verksemd i det kommunale verkstadbygget, Olufsen skipsservice AS, etter Bokn mek.verkstad. Dei har nå 4

arbeidsplassar på Bokn, og held på å veksa ut or bygget.

Det har ikkje lukkast å få etableringar i Knarholmen enno, men dette arbeidet vil bli prioritert i 2001.

Ellers har kommunen bidratt til at enkelt-personar har starta verksemd, og vil her nevna Kjell Olav Skjelde som har starta opp som anleggsgartner.

Loden Laks AS er ein av partane i Storm Havbruk AS som har fått forskning og utviklings-konsesjon i 3-5 år, for å utvikla eit nytt oppdretts-anlegg for ekstreme værforhold, rømmingstrygg-leik og betre forhold for fisken. Anlegget blir ut-plassert i Boknafjorden ved Kråke sør for Loden i januar 2001.

Ellers prøver me å støtta opp om det eksisterande næringslivet så godt me kan, slik at dei får utvikla seg vidare.

Bokn, Tysvær, Karmøy og Haugesund har nå undertegna avtalen om etablering av et inter-kommunalt tomteselskap som skal få industri-etablering til i regionen. Først på planen står ut-vikling av

Tysvær næringspark i Gismarvik, og det vil bli viktig for Bokn at det blir etablert industri-arbeidsplasser der så snart som muleg.

Årets siste dag blir markert som i fjord med guds-tjeneste, fakkeltog og samling på skulen. Eg ønsker alle vel møtt.

Så med håp om at 2001 blir like innholdsrikt som 2000 og framgangen fortsetter, vil eg ønske alle ei god jul og eit godt nytt år!

Svein Ove Alvestad
Ordførar

Program nyttårsafta 2000

- 16.00 Gudstjeneste
- 17.00 Fakkeltog fra kyrkja til skulen.
- 17.30 Samling på skulen.
 - tale av ordføraren
 - treknig av krus for tur på Bokna fjellet.
- 18.50 Avslutning med sang og fyrverkeri.

Alle er hjarteleg velkomne.

KJÆRE LESAR!

NY ÅRGANG OG ABONNEMENTSAUKE

Ein ny årgang i Bokn Bygdablad si historie er skriven. Neste år tar me fatt på det 16. året med bladet, og det gjer me med ro og viten om at dei gode rutinene rundt produksjonen er funne. Til saman har me pr. i dag 50%-stilling til bladet. Andre bidragsytarar kjem i tillegg, og gjer at bladet blir variert og innhaldsrikt, med vekslende mengde frå gong til gong. Med auka portosatsar, fargeomslag og prisstigning generelt har produksjonskostnadene stige i

løpet av året, og det er foreslått ei abonnementsauke frå kr. 15,- til kr. 20,- pr. blad. Det er ikkje planar om å auka antall nummer pr. år, slik at 1 års abonnement vil med forbehold om kommunestyrevedtak kosta kr. 200,- neste år.

Eg vil oppfordra alle ungdommar som studerer om å ta kontakt, desse vil sannsynlegvis få bladet gratis!

JUBILEUMSÅRET - TUSENÅRSPLASSEN

Som ordføraren er inne på har det vore eit storarta jubileumsår, med stor oppslutning på vellukka arrangement. Det siste arr. er kommande nyttårsafta, og i det første nummeret over jul vil eg laga ein kavalkade over det store året.

Tusenårsplassen står for mange som noko av det største, og opninga i september var sjølvsagt berre starten på det heile. Me skal setja oss ned og leggja driftsplanar. Plassen må også gjerast ferdig, og det er foreslått å setja av midlar til dette i løpet av ein fireårsperiode. Dette er i tråd med intensjonane og håpet til NORGE 2000 AS som vil at Tusenårsskiftet skal vara til 2005 (jub. for unionsopp-løysinga), og at kommunane gjer Tusenårsplassane sine ferdige innan den tid.

PÅ KRYSS OG TVERS

Forandring fryder, heiter det, men dei store forandringane blir det ikkje til neste år. Som tidlegare varsla vil På kryss og tvers-sidene ta seg ein pause inntil vidare. Interesse for desse sidene, som byrja som barnesider i mars 1998, har variert, og innsendingsresponsen dalte sterkt etter at me slutta å senda ut kopiar av oppgåvene. Det er muleg at folk kosar seg med desse sidene og løysar oppgåver, men som så mykje anna er me avhengige av respons. Me har planar om andre ting, vent og sjå.

LESARINNLEGG - ANONYMITET

Med jevne mellomrom dukkar det opp meningsytringar og debattar. Bladet blir med ein

gong meir spennande, og fleire folk enn vanleg kastar seg over bladet når det kjem. Det var tillopp til kaos i Servicetorget då bladene kom med posten forrige gong, då det var varsla om ein del innlegg som følge av Svein Ivar Langhelle sitt innlegg. Det var også bevisst frå mi side å vekka lesaren sin oppmerksomhet ved å plassera bildet av han på framsida. Som redaktør er eg sjølvsagt nøytral og tar ikkje stilling til debatten. Me har fleire gonger diskutert kor vidt det skal skrivast såkalla "leiarar" utan å ha konkludert med noko i den samanheng. Eg har fått fleire spørsmål om dette i samband med denne debatten, sidan eg er innflyttar. Eit blad er ikkje ei avis, men me får sjå etter kvart.

Nokre spørsmål har svirra rundt i samband med det anonyme innlegget sist nummer.

Anonymitet er lov, og innlegga skal vera underskrivne når dei kjem til meg. Kvifor? Fordi forfattarnamnet må vera hos redaktøren dersom det skulle bli sak av det. Eg vurderer om innlegga skal settast på trykk, og er ansvarleg for at det kjem på trykk. I dette tilfellet tok det heilt klart del i debatten, og eg har fått lov til å seia at det var eit ironisk innlegg til støtte for Langhelle. Det var min og andre i redaksjonen sin oppfatning at ironien (spotten/spydigheten) skinte slik gjennom at me ikkje hadde betenkeligheter med å trykka det. Enkelte lesarar skjønna ikkje ironien, og blei sjølvsagt støtt av dette. Eg beklager dette, men enkelte meiner at det innlegget var det beste av alle.

Vedtektene for bladet må forandrast dersom slikt skal unngås i framtida. Men skal

Bygdabladet berre vera eit snilt og koseleg blad?

Takk til redaksjon, bladnemnd og alle andre bidragsytarar for all hjelp gjennom år 2000!

God jul og godt nyttår!

- redaktøren -



28.11.00 - EIN STOR DAG FOR BOKN!

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

”Jeg er stolt over å være Fylkesmann i et fylke med en kommune som tar slikt initiativ”, sa fylkesmann Tora Aasland då barnehagen opna 28. november, ein merkedag for Bokn det året kommunen er 150 år. Det blei ein festdag både ute og inne.

I tog

Det er ikkje vanleg å servera ungane is ute i slutten av november, og det frå ein isbil inne på barnehagetunet, heilt gratis. Med skulen på sida og med flagg rundt omkring var det nesten som 17. mai. For dei hadde jo gått i tog også, og sunge og skrike heiarop heile vegen ned frå den gamle barnehagen, med NRK-Rogaland og TV-



Farvel Kyrkjebygd, no går me mot moderne tider!

Haugaland på slep. Det var forresten litt av eit syn, nedover kyrkjebakken Dei visste godt kva som skulle skje, barnehageungane, sjølv om det var litt rart med opning no då dei allerede hadde flytta inn 16. november, etter ein skikkeleg flyttedugnad kvelden før. Ein fann forresten ut at fanen med bildet av Kyrkjebygd skule på burde skiftast ut etterkvart. Kanskje ein ide til innflyttingspresang frå eit eller anna lag, e.l?



Tora Aasland klipper snora og toget går inn til dei moderne tider.



”Hjem-IS” har sponsa barnehagen før, og skapte stor glede for både små og store.

Høgtideleg


Dei var der alle ”som hadde noko med det”. Fylkesmannen klippa snora og opna porten for toget. Ordføraren kom inn på målet om å auka folketalet i kommunen i talen sin, og at dette er eit svært viktig skritt i rett retning. Han delte ut fortenne blomar til byggeleiar Hans Erik Lundberg, repr. frå byggenemnda Arne Hosaas og barnehagestyrar Jarle Haakonseth.



Ein stor dag for den ene av kommuneingeniørane, Hans Erik Lundberg. Som takk for stor innsats har han her fått eit maritimt bilede av alle barnehageungane, overlevert av Martine Alvestad.



Stor dag også for Johannes Nilssen, med god innsats både i toget og som ”barnehageonkel”.



Trongt om plassen under pølsespisinga.



Dåverande ordførar Sigrunn Hole Hosaas hugsar godt kommunestyrevedtaket frå 31. august i fjor om å bygga ny barnehage. Det har gått fort!

Her forsyner ho seg av Julianne Nilssens flotte innflyttingskake.



25. april i år var varaordførar Arne Hosaas med på det første spadestikket.

kosar både barn og vaksne seg i bygget. Avdelingsleiar Kjetil Hamre tykkjer det store fellesrommet med kjøkkenet er spesielt flott, med scene rett foran kjøkkenbenken(!). Kjetil er m.a. utdanna kokk og var naturleg plassert på denne store dagen. Dei som har høve til det må berre koma og sjå sjølv! Ein skal ikkje sjå bort i frå at det snart kjem langveisfarande på befaringsbesøk, for dagen etter opninga kimte tlf. både hos Jarle og Hans Erik. Det var folk frå Troms og frå

Flott bygg!
Politikarar og folk frå kommuneadministrasjonen fekk saman med fylkesmannen ein sjølvstendig omvisning både ute og inne av ein stolt styrar. Då var allerede ungane i full lek inne i det flotte huset, som kort fortalt har to avdelingar, eit fellesrom med kjøkken, og ein administrasjonsfløy. Kvar fløy har eigne inngangar. Kvar avdeling har eigne garderober, toalett, bad og stellerom. 0-3 års avdelinga har også soverom. Kvar avdeling har hemsar som er figurforma; båt og borg. Med sterke, flotte fargar på veggjar og golv med vannboren varme frå skulen



Kjøkkensjef Kjetil Hamre med eit stort smil ved pølsegryta. Det enorme kjøkkenet har bokstaveleg talt det høgt under taket, såvel kreativt så praktisk. Berre ved å snu seg kan barna ta del i kjøkkenbenkarbeidet. Til venstre i bildet er administrasjonsgangen, der m.a. ein finn styrarkontoret, med oversikt over store deler av uteområdet.




Austlandet som hadde sett innslaget på "Norge i dag" på NRK den kvelden, og som var imponert over både initiativ og løysing. Han må også vera stolt, arkitekt Knut Kolstø frå Hauge-sund, som m.a. også er meister for Vard-hallen.

Mykje folk

Foreldre og andre vaksne ville få med seg den store dagen, og det blei trongt om plassen då ungar og vaksne etterkvart forsynte seg av pølser, kaker, saft og kaffi. Barnehagen hadde forandra seg mykje frå dagen før, i alle fall interiørmessig. Personalet hadde holdt på til kl. 23.00 kvelden før, med vidare innflytting. Når gardiner kjem på plass blir det enno finare.

Tidlegare styrar Wenche T. Løkken, som no er styrar ved Visnes barnehage, hadde også tatt turen. Mens ho



Det blei leika i alle rom opningsdagen, som her i boltre-rommet.


kikka seg imponert rundt sa ho at ho godt kunne tenkt seg å begynna i Bokn igjen.

Når dette blir lese er det sannsynlegvis vedtatt bemaningsauke slik at dei ni som i dag står på venteliste får plass, og kan byrja allerede i desember. Barnehagen har 40 plassar, og eit barn i 0-3 års gruppa opptar to plassar. Eit barn som får plass vil i følge barnehagelova ha denne plassen til disposisjon heilt til det byrjar på skulen. Det er ingenting som tyder på at den aukande etterspørselen, særleg det siste året, etter barnehageplassar stoppar opp med dette praktbygget!

Bokn har 100% dekning av førskulelærarar, som igjen er 100% menn. Barnehagelova frå 1996 seier at det skal vera ein heil førskulelærer pr. 20 barn.

Nytt pr. 30.11.00:

Fleire omsorgsarbeidarar i Hgsd. har allerede meldt si interesse for ev. nye stillingar barnehagestillinger!



Populære "hemsar". På bildet over er borgen inne på 0-3 års avdelinga.

Bildet av båten er frå 17. november og er det første innebildet som blei tatt i det nye bygget.



Dei første utebildene 15. november, første dagen barnehagen blei tatt i bruk.

Sjørøverskuta er svært populær, og får kanskje ein del lange blikk frå barn i småskulen i løpet av ein skuledag. Stort nærare skulen kan ein vel ikkje legga barnehagen.

Terrengrutsjebanen er også allerede tatt i bruk, og i påvente av plen her og der blir nok ungane temmeleg skitne etter ei uteøkt, men kva gjer vel det.....

Sandkassar er komne på plass, reilene er også snart klare. Uteområdet har også ein utescene, og er asfaltert ein del, m.a. populært å sykla på.

Gratulerer med ny barnehage!!!

KULTURKVELD PÅ BEDEHUSET

MÅLLAGET OG BEDEHUSET I GODT SAMARBEID

Reidar Alvestad

NYE TONAR FRÅ BEDEHUSET?

Har du kanskje hatt ei oppfatninga av bedehuset som ein stad kor eldre kvinner og menn, pluss ein del andre litt yngre, tungsindige menneske i ein avgrensa krets, går på møte etter møte og reknar seg for ei utvald gruppe som set klare begrensingar til kva som er lov og ikkje lov. At det som ikkje er lov er å vera glad og munter. At humor er bannlyst, og at alle andre som ikkje går der er heilt fortapte. At bedehusfolka har skrivne og uskrivne morallover som ingen må bryta.

Slik kunne ein kanskje ramsa opp likt og ulikt av fordommar i forhold til dei som går på bedehuset. Og kan henda er det ein kjerne att av denne type bedehusfolk, kva veit vel eg om det.

Men noko har i alle fall endra seg blant ein god del folk som tradisjonelt går i bedehuset, og det er at dei ikkje er meir tungsindige enn folk flest. Det fekk eg oppleve då eg var på kulturkveld på bedehuset den 17.november. Temaet denne gongen var Anders Hovden, og Sigvart Våga var foredragshaldar.

Dette var den 3. kulturkvelden som bedehuset og mållaget nå har arrangert saman. Tidlegare har det vore Jakob Sande og Ivar Aasen som har vore hovudtema. På dei tidlegare kulturkveldane var det bra med publikum, men eg forsto det var fleire som var i tvil om det ville koma så

mange nå. Men etter kvart samla det seg over 40 personar. Og det er vel ikkje så dårleg på ein fredagskveld på bedehuset?

FIN FRAMFØRING

Sigvart Våga hadde rikeleg med kunnskapar i emnet. Saman med Songkvartetten (som eigentleg er 3) vart det vekselvis kåseri og framføring av Anders Hovden sine songar. Det vart brukt relativt mykje tid på programmet, men måten det vart gjort på, medførte variasjon og skifte, og forsamlinga kunne i fellesskap vera med på songane. Dette gjorde det heile både interessant og fint, i og med at det engasjerte forsamlinga. I tillegg var Sig-

vart og Songkvartetten sine framføringar av ypperste klasse. Dei hadde alle lagt eit stort arbeid i førebuinga, noko som gjorde at det vart interessant og



Som vanleg var det flott framføring av dei tre i Songtrioen. Leiaren i mållaget, Venevil Birkelund er også aktiv innafor song og musikk i bygda.

engasjerande for tilhøyrarane.

TRADISJONSMAT

Utan mat og drikke.....

Dyktige kjennarar av tradisjonsmat innan bedehuset sine medhjelparar hadde vore aktive på førehand og laga til velsmakande mat på fat, men mest i gryter. Etter framføringa i salen oppe, bar det ned i matsalen til spennande rettar. På bordet sto det havregraut, risgraut, rømmegraut og melkebollar, og på fat og skåler var det flatbrød, spekekjøtt, spekemakrell og krydra sild. Sikkert også meir som eg ikkje fekk med her. Sjølv hadde eg aldri smaka melkebollar, så det vart ei ny smaksoppleving. Ikkje så ulik det ein kunne for-



Sigvart Våga kåserer om Anders Hovden.



Det syntes som om maten smaka godt, for det blei god avsetnad på alt som sto på bordet.

venta, men interessant å smaka på noko som var van leg kost før i tida.

SKJEMT OG ALVOR

Bedehuset har vel ikkje vore kjent for at det går an å gi foredragshaldar og songarar applaus, eller for at møteleiarer kan slå vitsar om det eine eller det andre, slik at folk får løysa opp stramme ansikt med befriande lått. Men dette går an, i alle fall på kulturkveldane.

Det var heller ikkje fritt for at Sigvart hadde artige historier frå Anders Hovdens liv som fekk låtten på gli.



Petra fritidsklubb informerer



På Petra er alt stille og rolig for tiden. Vi kan ikke spille så veldig høy musikk, siden anlegget vårt skranter en del. Noen av vaktene syns nok sikkert at det er helt topp. Det kan bli en stund til vi får ordnet på både forsterkere og høytalere, fordi dette er nokså dyre reparasjoner.

Jeg har fått høre at noen i 7. klassen driver og ødelegger cd'ene som vi har dekorert vegger og tak med. Derfor vil jeg bare advare dere mot å gjøre noe slikt flere ganger. Dette vil vi straffe på samme måte som annen hærverks-virksomhet, med erstatningsansvar og utestengelse. Disse cd'ene har vi samlet inn, og har gjerne lyst på flere. Da er det ikke så veldig kult for oss, dersom dere plukker dem ned fra veggene og skeiner med dem som om det skulle vært skeinebrett. Så fra nå av: Ligg unna!

Det lakker og lir mot jul, og når dere leser dette er vi allerede godt inni desember. Jeg har begynt arbeidet med en ny vaktliste for neste år, og tro ikke at det er lett! Det er mye å passe på, og mye som skal stemme. Men den forrige vaktlisten gikk det jo kjempefint med, så vi får håpe at det fortsetter i samme stilen. Dere foresatte fortjener i hvert fall ros for å ha møtt opp to vakter hver kveld dette siste halvåret. Det er kjempebra!

Men alt til si tid. Eg reknar med at innhald og aktivitet på andre typer møte i bedehuset kan variera, alt etter kva som er innhald og føremål. Men det er viktig at bedehusmiljøet ved å arrangera slike kulturkveldar, denne gong i lag med mållaget, kan visa at det ikkje er trongsynet som rår grunnen, men at dei kan ynskja andre som elles er litt utanforståande velkomne inn i eit fellesskap kor det ikkje blir krevd anna enn at du deltar i arrangementet for ein kveld. Dei har gode ressurser som kan trekka folk ut frå stova ein fredagskveld. Interessant var det også å høyra om diktarpresten Anders Hovden.

Det er spennende tider klubben vår går i møte, med nye lokaler å ta i bruk. Etter en gjennomgang av Kyrkjebygd kultur og aktivitetshus, er jeg overbevist om at dette blir bra! Både Bokn Røde kors og Pluggen Motorklubb skal ha tilgang til lokalene som i hovedsak kommer til å bli brukt av Petra. Noen ting er vanskelige å se den beste løsningen på nå, men det ordner seg vel til etter hvert.

Her kommer en liten oppfordring til dere foresatte til brukerne av Petra: Kan dere bli *litt* flinkere til å skrive i rapport-boka som ligger inne på vaktrommet? Dette er en god måte for oss å få vite "ris og ros", spesielt siden ungdomsarbeideren ikke er tilstede hele kvelden.

Ellers har vi lagt frem noen blader, blant annet Norsk ukeblad, Allers, Vi menn og Illustrert vitenskap. Det skulle vel være noe for enhver smak tenker jeg.

Petra vil ønske dere alle en riktig god jul og håper at dere alle kommer i god gammel og skikkelig julestemning. Jeg håper også at det kommer snø før jul, for det har jo manglet her på øya vår de siste årene. Det er jo ikke sikkert at alle er enige med meg i det, men det er jo fint da, med snødekte hager og trær. I skrivende stund ruller de gode gamle julesangene over data'ens høytalere, og jeg får lyst til å starte med julebaksten med en gang. Jule-rengjøringa, det er en helt annen sak...

UNGDOMSBUSTADER PÅ ØYRENFELTET

- Bokn er ein foregangskommune -

av Jardar Havikbotn


17. november underskreiv ordførar Svein Ove Alvestad og salskonsulent Rune Haave i Block Watne under kontrakten om bygging av fire ungdomsbustader på Øyrenfeltet, eit flott tiltak i kommunen si ungdomssatsing.





Bokn er den første kommune i Rogaland som bygger slike bustader for ungdom, noko som stolt blei opplyst om fleire gonger på pressekonferansen, der også Haugesund Avis og TV-Haugaland var til stades. - Det står stor respekt av det Bokn har gjort, dette viser at det er tak i mindre kommunar, sa Rune Haave, som også kunne opplysa om at Block Watne hadde tomt klar i Haugesund kommune for eit slikt prosjekt. Byggefirmaet har laga eit ungdomskonsept i satsing på denne målgruppa; "Kubist Bostart" er skreddarsydd, ferdige forslag til bustad for ungdom i etableringsfasen.

Boligane, på 52m² og 61m² skal byggast som to-vertikalt delte hus, som to-roms og tre-roms. Dette blir enkle, ungdomsretta, funksjonelle bustader utan livsløpsstandard, berekna på unge førstegongs-etablerarar. Dette er såleis ikkje permanente boligar. Sjølv om dei blir lettstelte og enkle å vedlikehalda, blir standarden god, med t.d. parkett på golvet. Førabels anslått husleige blir for to-roms-bustadene ca. kr. 2.950,- pr. mnd. og tre-roms kr. 3.250,- Straumen kjem i tillegg.

Det er allerede før bustadene er lagt ut på det opne markedet registrert interesse. Dette understreker behovet for noko slikt i Bokn, foregangskommunen som tar opp husbanklån på nesten to mill. kr. Vidare gir Husbanken i slike prosjekt 30% tilskot til kommunane. Av totale anleggskostnader på kr. 3.178.000,- betaler kommunen ein eigenkapital på kr. 368.000,- Block Watne har kontrakt med Bokn til 15. august neste år. Innan den tid står husa klare!



Tomt 13 og 14 på Øyrenfeltet



Snitt av tre-roms-bolig (øverst) og to-roms-bolig

FLOTT KONSERT VED SJØEN!

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Ei forsterka Fylkesmusikargruppe sørga for ei minnerik kveldsstund for 25 boknarar på Sjøhuset i Alvestadkroken 23. november. Ramma rundt arrangementet kunne ikkje vore betre.

Det skulle visa seg at Sjøhuset var ein ypperleg stad for denne type konsert, og då teatersjef i Hauge-sund teater Jens Thordal pynta 1. etasje med nokre enkle kulisser, blei den intime ramma perfekt. Dei frammøtte, som representerte alle aldresgrupper, kom til pådekkka bord, og koste seg med kaffi, brus, lappar og potetkarer både før, under og etter konserten.

Fylkesmusikarane (FM) hadde på førehand varsla om at litt nipping til maten medan dei spela var heilt greit, noko leiar for FM, Arild Halvorsen, også opplyste om før dei starta. Dette skulle nemleg ikkje vera ein typisk seriøs og formell konsert, men den meir muntre sida av den ellers så seriøse komponist Bach skulle fram. Det var kanskje derfor Mozart, som var kjent for sine muntre og humoristiske spillopper, blei blanda inn i konsertrepertoaret denne kvelden.

FM-gruppa hadde med seg to songarar, Finn Møllerhaug og Magne Kristoffersen, og førstnemnte var med barytonrøsta si solist i Tobakksarien. Denne var dessverre ikkje oversett, og blei framført på tysk, men dei som ikkje var så stødige i det språket fekk likevel med seg stemninga i musikkstykket.

Musikken til Mozart er alltid takknemleg både å framføra og å høyra på, og Steinar Pedersen trylla fram vakre tonar frå skulepianoet vårt. Dette stykket var ein såkalla klaverkvartett, noko som betyr at han hadde tre

musikarar med seg på fiolin, bratsj og cello. Sistnemnte instrument er me vane med i konsertar med FM, men denne kvelden var det reine miniorkesteret på Sjøhuset.

Kaffekantaten var hovudstykket, og her kom Hgsd. teater sine kostymar og enkle kulisser til sin rett. Den naturleg tørre akustikken på Sjøhuset gjorde at publikum hørte teksten godt, og både utøvarar og dei som såg og hørte på koste seg gjennom dette humoristiske stykket. Magne Kristoffersen, som er songlærer ved Skeisvang vid. skule og som har hatt fleire boknarar i faget, imponerte stort både som skodespelar og songar. Han strekte seg så lang han var for å nå dei høgaste to-

nane i kantaten, der Bach har skrive tenorstemma opp mot trestrøken C.

Heile 10 profesjonelle musikarar gjorde dette til ein stor opplevelse, og det vanka mange godord etter det vesle musikkteateret. Steinar Alvestad gjorde ein avtale om å få framført ein miniversjon av operaen "Barbereren i Sevilla" av Rossini neste gong.....

Fleire spørsmål blei godt besvarte denne kveldstunda ved sjøen; Sjøhuset er, tross litt tørr akustikk, ypperleg

eigna til slike arrangement. FM må halda fram med å turnera rundt med forsterkningar, då er det mykje lettare å variera repertoaret. Og samarbeidet med Hauge-sund teater må dei også fortsetta med.

Som så mange andre verksemdar så er også FM-gruppa politisk styrt, og Fylkeskommunen har nok dei rette svara på spørsmåla over. FM ynskjer sjølv sagt slike samarbeid som dette, men det er tilførte midlar som bestemmer om me får oppleve dette fleire gonger i Bokn.

Drifta av Sjøhuset er derimot ikkje politisk styrt,



Ein av dei mange muntre episodane frå "kaffekantaten". Lisemor (Toril S. Sæbø) koser seg med kaffekoppen medan forteljaren (Magne Kristoffersen) barberer Slendrian (Finn Møllerhaug).



men blir imponert utført av Steinar og Ingebjørg Alvestad. Frå starten i 1995 er det nå rundt 100 arrangement i året der nede, og gjesteboka er fylt opp med div. språk. Dette arr. blei også fulgt opp med full innsats og entusiasme, noko som fortener stor takk!

Dei som ikkje fekk med seg denne store kulturkvelden er hjerteleg velkomne neste gong

Stemning på Sjøhuset. Me ser fem av musikarane; Robert Horn (kontrabass), Steinar Pedersen (cembalo), Dagmar og Arild Halvorsen (cello og obo) og Bernhard Gismervik (fiolin)

Mot jul

*Endelig sovner di, Randi og Kjell.
Dagen har vore så lang.
Det er berre vesle-julaftens kveld,
så seint som det går, men no lid det lell
mot høgtid og juletegang.*

*No drøymar Kjell om ein fin dokkemann,
ein ball og ein bast eller to.
Randi ho drøymar det same som han,
hentar seg bjørnar frå eventyrland
og dokker så store som så.*

*Dei drøymar om alt dei vonar å få.
Så ljøsar ein dag på ny:
Julaftans morgon, ein himmel så blå,
nysnø der ute med solglitter på
og helg over land og by.*

Inger Hagerup

Konfektkake

6 eggehviter piskes stive
400 gr sukker
200 gr malte mandler
200 gr strøkavring
Alt blandes og fordeles i en langpanne og stekes på 170 grader i 20 min.

Fyll:


6 eggeplommer
300 gr melis
300 gr smør
2 ss vaniljesukker
3 ss kakao
Røres mykt og has på kald kake

Glasur:

2 plater dronning kokesjokolade
50 gr kokosfett – smeltes med sjokoladen og smøres oppå fyllet

Skjær kaken i serveringsstykker før du fryser den.

Taes opp av fryseren rett før servering.



NESTLEIAREN I HELSESEKSJONEN

Det er ikkje noko nytt at Anny Silden Kallekødt jobbar i Bokn kommune. Etter to års pause kom ho tilbake, og 10. april i år tiltrådte ho nestleiarstillinga i helseseksjonen.



Anny var i 1994 ferdig utdanna sjukepleiar ved Sjukepleiarhøgskulen i Haugesund. Ho byrja som sjukepleiar i Bokn same år, og var her i fire år. Lysten til å koma att var stor. Ho likar små øysamfunn der alle veit kven alle er i eit oversiktleg miljø. - Eg likar måten me jobbar på her, fortel Anny, som i 1973 kom til Tysværvåg frå Silda ved Måløy, heilt på grensa til Sunnmøre. Det er også greitt med kort veg til arbeidsplassen. Ho og mannen har tre vaksne jenter, som ein kan seia har gjort yrkesval i Anny sine fotspor; hjelpepleiar, omsorgsarbeidar og kokk ved Lysskar Psykiatriske i Haugesund.

Nestleiarstillinga i helseseksjonen blei oppretta i samband med omorganiseringa i siste halvdel av 90-talet, og er ei vidareføring av over-sjukepleiarstillinga, ei stilling som Marie L. Faye hadde i lang tid. Miriam Berland var nestleiar før Anny, som har tatt vidareutdanning i Personalutvikling og leining samt Sosialpedagogikk. 48-åringen har kontor rett innfor vaktrommet på Sjukestova, og du finn ho der på dagtid. Forutan den daglege tenesteytinga ved Sjukestova består jobben i å organisera heimhjelp og heimesjukepleien. Kort fortalt har ho ansvaret for pleie og omsorg. Ho er på kontoret mandag, onsdag og annakvar fredag.

Anny blir ivrig når me kjem inn på dei nye omsorgsbustadene som skal byggast, og ho snakkar varmt om det flotte helsetilbodet Bokn har. Med ni nye bustader vest for Sjukestova, som med hjelp av ein gang vil henga saman med Boknatun, blir det tatt eit nytt steg framover. Bebuarane vil få ein storarta tryggleik, også med tanke på heis og direkte varslingssystem til Sjukestova.



Eg vil kalla helsetil-bodet i kommunen unikt! Dei sterke, flotte orda kjem frå ei som er opp-vaksen med Stadthavet som næraste nabo, og ho minnest fire stormfulle år med skuleskyss over ope hav. Det hindrar ikkje Anny og familien å vera mykje på sjøen kvart år, frå påsketider og fram til hausten.

GJENNOM UTMARKA PÅ SKULEVEG

DEN GAMLE SKULESTIEN FRÅ ARE TIL HOGNALAND

Reidar Alvestad

2,5 KM GJENNOM UTMARKA

Mange snakkar om "gode gamle tider" på ein nostalgisk og romantisk måte.


Dersom ein går tilbake i tida og verkeleg undersøker korleis folk hadde det, får ein sjå at dei siste 40-50 åra har endra livsvilkåra radikalt for dei fleste. Tenk berre på utbygging av vegar og kommunikasjonsmidlar.

Bygdabladet har tidlegare hatt ein artikkel om byggeski- kar i Bokn, og omtala Oksebåsen. Der er det ikkje veg, og så lenge det budde folk der, gjekk ungane fleire km i utmarka før dei kom inn på vegen som førte til skulen. Slik var det også fleire stader der folk budde i utkanten, som td Ognøy og Ådnaneset. På Ognøy måtte dei i tillegg ro over sundet til Austre Bokn.

Det er ikkje alle som kjenner til at også på Are gjekk skulebarna ein snarveg til skulen på Hognaland. Forbi Hognåsen gjekk stien i ein bratt fjellskrent ned mot sjøen.

GAMALT GJERDE

Stien frå Are til skulen på Hognaland er ca. 2-3 km, og



Her nærmar me oss Hognaland, og det er ein port i stein- gjerdet som må passerast.


Biletet er utlånt av Mathias Are



Langs den sør-vestre sida av Hognåsen går stien langs den bratte fjellskrenten som stuper mange meter ned mot sjøen. Her er det i ei lengd av rundt 25 m sett opp eit gjerde i jern for å sikra folk for å falla utfor skrenten.

Biletet er utlånt frå Mathias Are – tatt sommaren 2000

Mathias Are fortel til Bygdabladet at dei brukte mellom ein halv til ein time på skulevegen. Stien har vore brukt alt ved forrige århundreskifte, og gamle folk som brukte han rundt begynnelsen av 1900-talet har fortalt at gjerdet av jern var oppsett før den tida. Det må altså vera over 100 år gammalt, og den dag i dag står det nesten like fint. Mathias Are fortel at det eigentleg berre var ein tråkka sti dei gjekk på, men ein stad kor det var litt våtlendt, var det lagt nokre fjøler, slik at dei ikkje skulle bli våte. Elles vat det mange stader steinar dei hoppa på.



På biletet under går stien i kanten av Hognåsen med bratt berg ned mot sjøen. Gjerdet midt i biletet.

Foto: R. Alvestad

I VER OG VIND

Det kunne vera greitt nok å gå på stien i godver og utanom vinteren, men når det bles opp til snøstorm eller regnver, var det ikkje alltid så enkelt for ungane. Kom det høg snø, var det også vanskeleg å finna stien, og det kunne ta lang tid å koma seg fram til skulen. Mathias Are fortel at han og ein kamerat av og til rodde frå Are til Hognaland når dei skulle til og frå skulen. Særleg når dei blei litt eldre.


Stien kunne også nyttast når dei td skulle til bedehuset, men det vart også nytta båt til slike ting. Mathias fortel at det kunne vera ganske tøft for ungane når det bles og regna. Då måtte dei støtta seg til gjerdet når dei gjekk framom Hognåsen. Han seier det ville vore utilrådeleg å senda barna forbi denne staden utan gjerdet.

HEILT TIL 1965

Denne stien til skulen er altså brukt av skulebarna frå Are heilt til det kom skuleskyss i 1965. Olaug Drange fortel at ho og ei eldre søster gjekk heile skuletida si på denne stien, og at bror hennar Ingvar også gjekk her då han begynte i skulen til skyssen kom i 1965.



Stien frå Are til Hognaland går i terrenget ovafor strandlinja som du ser på biletet. Det høge bratte berget er Hognåsen kor stien passerer gjennom det bratte terrenget tett ovafor sjøen.



KULTURKALENDEREN

DESEMBER

09.: Klubbkveld

10.: Bokn søndagsskule

10.: Luciafest, Bokn Musikkorps

13.: Juledekorasjonar, kl. 19.30 på Allrommet, arr. Hagelaget

15.: Adventsfest for de eldre, arr. Bokn Sanitetsforening

17.: Gudsteneste kl. 11.00, Aurdal

17.: Søndagsskulen sin juletreffest, kl. 15.00

20.: Juleavslutning ved Bokn skule

21.: Siste skuledag før jul

24.: Gudsteneste, kl. 14.00, Aurdal

26.: Gudsteneste, kl. 11.00, Aurdal

27.: Bedehuset sin juletreffest, kl. 19.00

29.: Frelsesarmeen sin juletreffest, kl. 19.00

31.: Gudsteneste kl. 16.00, Aurdal

Kulturkalenderen for neste halvår er ikkje laga enno, men skal etter planen sendast ut i byrjinga av januar.



GYMSALTMEPLAN ETTER KL. 14.00

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån.	Badminton	17.30 - 19.00	Stiftinga Torland Bufellesskap
	Bokn Musikkorps	20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad
Tys.	Barnetrim	16.00 - 17.30	Anne Lise Nilsen
	Fotball, A-lag	19.00 - 21.00	Roy Tjøsvoll
	Dametrim	21.00	Åse Bratthammer
Ons.	Fotball, minimix	17.00 - 18.00	Kjetil Hamre
	Badminton	18.00 - 19.30	Stiftinga Torland Bufellesskap
	Volleyball, herrer	20.00 - 22.00	Svein Olaussen
Tors.	Bokn Musikkorps	17.00 - 19.00	Lillian Grønnestad
	Volleyball, ungdom	19.00 - 20.00	Arne Hosaas
	Dametrim/ Volleyball damer	20.00 - 22.00	Åse Bratthammer/ Sigrunn H. Hosaas
Fred.	Badminton	17.30 - 19.00	Stiftinga Torland Bufellesskap
	Fotball, A-lag	19.00 - 20.30	Roy Tjøsvoll

BYGDEBØKENE I SVEVET

Band I

Fredag 1. desember heldt bygdeboknemnda sitt siste møte på band 1 av bygdebøkene for Bokn. Det omfattar Ogn, heile Austre Bokn, Sæbø, Boknaberg og Alvestad. Manuskriptet var ferdig alt i sommar, og me satsa friskt på band II slik at begge skulle liggja føre til jul. Noko anna var ikkje å tenka på! Men me undervurderte kor tidkrevjande det var å setja alle bitane saman.

Kvalitetssikring

Ved utgangen av september sto det klart for nemnda at det ikkje ville vera mogeleg å få begge bøkene trykte før jul. Me la difor til sidest band II og konsentrerte oss fullt ut om å klargjera band I. Ein siste gong gjekk me grundig gjennom både slektssogene og gards-soga - me jobba mest døgnet rundt og nemnda møttest kvar einaste veke for å luka bort så mange feil som råd og for å gjera framstillinga best mogeleg. Det sto klart for oss at desse bøkene måtte sjåast i eit langt tidsperspektiv - her galdt det i så høg grad som råd å unngå feil. Arbeidet med å kvalitetssikra manuskriptet til gards- og slektssoga var fullført kring midten av november og manuskriptet kunne gjerast klar for setjing.


Illustrasjonane

Det aller siste me jobba med, var å sikra at tekstane til bileta var rette. Me tinga bileta frå Statsarkivet - til saman har nemnda plukka ut kring 400 foto, 200 til kvar band. Dei som kopierte gav elles mykje ros for varierte og spennande motiv. På grunn av sjukdom blei diverre kopieringa kring halvanna veke forsinka. Dei siste hundre bileta fekk me til Bokn 30. november og alt dagen etter - 1. desember - samlast bygdeboknemnda for å gå gjennom tekst og illustrasjonar. I helga som fylgde, låg det på meg å gjera ferdige fototekstane. Den fyrste veka i desember kunne så alt materiellet sendast til setting og sidan til trykking.

Det er ikkje sikkert at bøkene blir ferdige for sal før høgtida. Skulle det ikkje gå, bed eg om forståing. Mellom anna har me brukt mykje tid på å kvalitetssikra bøkene. Sjølv om det gav vanskar med fristane, skal desse bøkene trass i alt vara i mange generasjonar framover.

Det går elles an å førehandsbestilla bøkene i Servicetorget, tlf. 52 75 25 10 eller 52 75 25 11.

Birger Lindanger



BOKN – EIN JORDBRUKSKOMMUNE?

Reidar Alvestad

FOKUS PÅ PRIMÆRNÆRINGANE

Arbeidsplassar er eitt av satsingsområda for Bokn kommune. Ein tenkjer då ikkje berre på nye industri arbeidsplassar og liknande, men også at ein kan behalda og satsa på at primærnæringar som jordbruk og fiske innkludert oppdrett kan stå sterkt og kanskje utvikla seg vidare.


I Bokn sin kommuneplan heiter det at det er ei svak side ved jordbruksnæringa at bøndene har for låg kompetanse og at det er frykt for å satsa på nye område. Dette bildet er imidlertid ikkje heile sanninga.

I ein reportasje i bygdabladet i 1999 frå garden til Ernst og Astrid Øvrebø, såg me tvert imot at dei hadde fått fleire utmerkingar for å ligga i teten i grisproduksjon, både på fylkes- og landsnivå. Dette er kanskje eit unntak, men for å sjå nærare på dette området, har bygdabladet snakka med jordbrukssjef Bjørn Bruaset. Han er jordbrukssjef i Tysvær, men dekker også Bokn kommune med ca. 1 dag i veka.

Seinare vil bygdabladet ha reportasje frå ein eller fleire gardar.

Bjørn Bruaset er landbrukssjef i Tysvær og Bokn kommune.

Foto: J. Havikbotn



TRADISJONAR SOM JORDBRUKSKOMMUNE

Bokn har lange tradisjonar som jordbrukskommune. I fylgje historieskrivarane har dette fungert slik at jordbruket alltid har vore ei viktig næring, men likevel meir og mindre i forhold til om det har vore gode periodar innafor fiskeria. I tider med dårlege tider for fiskeria, har jordbruket blitt drive meir intensivt og har vore hovudinntektskjelda for bøndene. I periodar då fiskeria tok seg opp og ga gode inntekter, vart jordbruket trappa noko ned, og inntektene frå fiske vart kanskje hovudinntektskjelda. Bjørn Bruaset seier at det også i dag er slik at landbruket blir påverka av konjunkturar. Når arbeids-

marknaden er slik at det er lett å få arbeid, går også bøndene meir ut i arbeid utanom garden. Det tyder at bøndene i Bokn stort sett alltid har vore deltidsbrukarar, medan det har variert kor mykje av den totale arbeidstida si dei har brukt i dette yrket. I tidlegare tider mest som bonde og fiskar, i nyare tider meir delt med andre oppgåver som industri og kanskje oljeretta arbeid. Det har aldri vore så mange som berre har hatt garden som einaste yrke, og dette er også ein trend elles i landet. Det er helst på Jæren at bønder kan leva av gardsbruk som einaste inntektskjelde.

Endringa i nyare tid går også på at kvinnene på garden går meir ut i arbeid enn før, slik det også er elles i samfunnet. Dette skuldast både ei generell utvikling kor kvinner har gått meir ut i arbeidslivet, og ei inntektsutvikling den siste tida, kor det har peika nedover for landbruket i forhold til mange andre område.

GUNSTIGE NATURGJEVNE FORHOLD

Bjørn Bruaset fortel til bygdabladet at det er rundt 60 gardsbruk i Bokn som er i drift. 20 av desse er mjølkeprodusentar, og ein del har i tillegg gris og høns. Mange driv også med sau, eventuelt med ungdyr i tillegg.

Bokn ligg i eit område av landet som høyrer til det mest gunstige når ein ser på klimaet. Mildt klima og tilstrekkeleg med nedbør gir gode vekstforhold. Jordsmonnet er bra. Slik sett er det optimale forhold for grasproduksjon og andre forvekstar.



Kyrkjebygda har det største samanhengande jordbruksområdet i Bokn kommune.

Foto: Jardar Havikbotn

BRA FAGLEG MILJØ

Bjørn Bruaset meiner at det faglege miljøet blant bøndene i Bogn er bra. Omsetningsledda har sine fagkonsulentar og system som driv direkte rettleiing. I tillegg har bøndene eigne organisasjonar som t.d. bondelag og bonde/småbrukarlag. Når fleire og fleire går over til å driva garden som attåt-næring, har det meir med inntektsutviklinga innafør landbruket å gjera.

NYE OMRÅDE

Bjørn Bruaset meiner at bøndene i Bogn burde kunna utnytta dei fordelene som er naturgjevne her i tillegg til tradisjonell drift. Det er særleg det milde klimaet som gir gode forhold for t.d. sauedrift. Ammekyr er også eit område som blir prøvd her.

Bruaset meiner at ein kan utnytta den lange vekst-sesongen t.d. ved tidlegproduksjon av lammekjøt. Dersom ein kunne levera dette produktet frå 1 – 1,5 mnd. tidlegare enn i dag, t.d. frå juli til tidleg august, er det ekstra god pris. Sau og lam er også eit produkt som det nå ikkje er dekning på her i landet frå eigen produksjon, og prisane har vore gode. Det fins også område for beite av meir sau her, men det må vegast opp mot vilt- og natur/friluftsiresser kor vidt det er tilrådeleg med større utviding. I tillegg er desse områda oppstykkja på fleire eigarar, og det bør i tilfelle samar-beidast for å få det til.



Det milde klimaet her gir godt grunnlag for sauedrift. Sauene kan gå ute store deler av året, og kanskje kunne produksjon av tidlegfødde lam gi meir inntekt. Her går sauene ute i januar. Biletet er frå 1999. Sjå kor fint sauehuset er med stein som byggemateriale.

Foto: Reidar Alvestad

SAMARBEID

I det heile tatt er samarbeid eit stikkord for jordbruket si framtid, også her på Bogn. Skal inntektene kunna auka, må driftsutgiftene ned. Dette kan gjerast dersom fleire kan samarbeida om større investeringar t.d. til traktor, større reiskapar og maskinar, arbeidskraft og kanskje driftsbygningar. Dessverre vert det i dag sett klare begrensingar om samarbeid om driftsbygningar i tilskotsreglane til landbruket, men det er gjort unntak

vedr. mjølkeproduksjonen.

Det var i fjor eit informasjonsmøte om desse spørsmåla på Arsvågen, kor også nokre bønder frå Tysvær og Rennesøy møtte.

I Bogn er det ingen i dag som har samdrift om driftsbygningar, medan det er to bruk i Tysvær som samarbeider.

ODELSLOVA

Bjørn Bruaset seier til bygdabladet at det er stor interesse for å kjøpa bruk. Men odelslova utelukkar store grupper frå å skaffa seg og driva gard. Det viser seg også at fleire som har odel på ein gard har større interesse av å eiga enn å driva gard, noko som ikkje er til fordel for næringa.

Mange tar dette med odel og overtaking av garden av den yngre generasjonen for lite på alvor. Dei planlegg det altfor dårleg, og held på garden så lenge at det kan bli uaktuelt å overta for den som har retten. Dette bør planleggast over tid, og takast opp med dei som er aktuelle tidleg, slik at dei kan førebu seg og ta stilling til dette på eit rimeleg tidleg tidspunkt i livet. Dette er ein prosess som gjeld både den yngre og den eldre generasjon sine problemstillingar. Alle sider og behov bør vurderast. Det bør ikkje koma som ”jul på kjerringa” og bli opphav til familiedrama, som det i enkelte tilfelle kan utvikla seg til. Med meir open dialog om dette, kan dette foregå mykje smidigare enn det mange gonger gjer. Det går faktisk kurs i generasjonsskifte i landbruket kvar vinter her i distriktet.

Nå skal både odelslova og konsesjonslova bli gjennomgått for eventuell endring og modernisering.

Det er også gjort endringar på konsesjonsgrensene frå 5 til 20 mål, men det er ennå ikkje sett ut i kraft.

Peppermyntekuler

1/2 liter melis

1/4 ts tragant pulver

(kjøp på apoteket)

1 eggehvite

12 - 14 dråper peppermynte -olje

Bland alt og lag små kuler

1/4 kokesjokolade - smeltet i vannbad
og blandes med

1/4 ts smeltet kokosfett

Dypp kulene i smeltet sjokolade



ORDET FRITT



Å seia frå er å bry seg

Svar til Bjørn Gunnar Nedrebø

I november-nummeret av Bygdabladet meiner Bjørn Gunnar Nedrebø at eg bør vurderer å flytta frå Bokn. Eg må diverre skuffa Nedrebø, eg har tenkt å bu her så langt inn i framtida som eg er i stand til å sjå. Dette er faktisk heimstaden min, den staden i verda eg føler sterkast tilknytning til. Det var dette som gjorde at eg i si tid flytta tilbake hit, etter å ha budd i Tysvær i fire år!

Eg torer seia at eg har skrive til Bygdabladet fordi eg bryr meg om korleis det går med Bokn. Det er ein del uskikk eg er sterkt kritisk til, og det er mykje eg meiner kunne vore betre. Eg trur det er feil, når einskilde hevdar at det er uråd å gjera noko med denne ukulturen. Eg trur, tvert imot, at det er mogeleg å utvikla samfunnet i ei positiv lei. Då må det også vera både nyttig og nødvendig at boknarane av og til tar ein grundig debatt om seg sjølv, og eg har difor sett det som ei plikt å bidra ved å setja søkelyset på ting som kan bli betre og å skapa debatt. Teia kan dei gjera dei som vel å ikkje bry seg. Det er sjølv sagt ubehageleg å stå fram på den måten eg har gjort, men det er verdt det om resultatet blir positivt. Eg kunne sjølv sagt ha skrive innlegga på ein mykje "snillare" måte, men då tvilar eg på at debatten hadde blitt så pass omfattande og god som eg har inntrykk av at han har vore. Av og til må me nytta klar tale for at folk skal få augene opp!

Fleire har hevda at Bokn er verken betre eller verre enn andre småsamfunn. Det er det sjølv sagt ingen som kan føra bevis for, og det blir i alle fall lett ei avsporing av debatten. I staden bør me spørja kvarandre om kva kan

me gjera betre. Eit godt initiativ i så måte er Åse Bratthammer si utfordring om å senda inn forslag på personar som fortener ein blom. Eg trur det er gode og mindre gode bygdesamfunn, men at det går an å gjera noko med det som fungerer dårleg. For min eigen del trur eg at bygdekulturen – verdiar, mentalitet, skikk og uskikk, saman med kulturelle og sosiale opplevingar, er avgjerande for om eit bygdesamfunn skal forfalla eller veksa og gro. Men då må me ikkje prøva å leggja lokk over ein nødvendig debatt!

Bjørn Gunnar Nedrebø påstår at eg ikkje viste vilje til å tilpassa meg skikk og bruk då eg kom til Bokn for over 25 år sidan. Sjølv sagt gjorde eg det, i mang ein diskusjon forklarte eg folk frå andre stader at i eit samfunn som Bokn var det viktig at innflyttarane kunne tilpassa seg dei lokale tilhøva. Etter som tida gjekk, fann eg likevel ut at eg hadde det best med meg sjølv når eg ikkje ga meg ut for noko anna enn den eg er. Eg er liksom meir ekte då. Dessutan forsto eg, etter kvart, at mine meiningar og verdiar var like rette som "dei ekte" boknarane sine. Difor fann eg også ut at eg hadde lov å kritisera det eg meiner er galt i dette samfunnet.

Bjørn Gunnar Nedrebø har eg hatt fire-fem, korte samtalar med. Stort sett om lokalhistorie. Likevel meiner han å kjenna meg så godt at han kan uttala seg om ei rekke dårlege trekk ved personlegdomen min. Eg reknar med at dette berre er eit hendeleg uhell, og at han til vanleg likar å kjenna folk betre før han konkluderer. Det hadde kanskje vore meir naturleg å overlata til dei som kjenner meg litt betre å vurderer tankane og motiva mine?

Svein Ivar Langhelle

TAKK TIL DEG, FRIDUN!


Tekst & foto: Jardar Havikbotn

19. november var ho 62 år. Januar 2001 vil ho ikkje vera på jobb. Den smilande og utadvendte Fridun Ognøy blir pensjonist etter heile 28 år i kommunen!

Ei ekte boknajte som har jobba så lenge på eit offentlig kontor og treft så mange folk opp gjennom åra treng ikkje nærare presentasjon. 1. oktober 1972 byrja ho som kontorassistent på skulekontoret. Den gongen låg kontoret i kjellaren til ein av lærarbustadene på Klockkargarden, då Kyrkjebygd var skule. Hausten etter stod Føresvik skule klar, og Fridun tok plass i bygget som har husa arbeidsplassen hennar heilt til i dag. Etter omorganiseringa i kommunen blei stillinga hennar delt mellom skulen og Boknatun, og då Servicetorget stod klart våren 1999 blei det flytting til Boknatun to dagar i veka. Då fekk ho tittelen førstesekretær.

- Det var litt merkeleg med ein ny arbeidsplass no rett før eg skulle slutta. Blei ikkje det same, og eg følte tilknytning til skulen. Men eg har ikkje vondt for å omstilla meg, seier Fridun, som er dotter av Marta og Nils Sæbø.

Svært mange har truffe på den muntre, kvikke og hjelpsomme telefonstemmen, enten på skulekontoret



eller i resepsjonen på Boknatun. Ho er også kvikk i hovudet, og årstal og namn kjem med ein gong under intervjuet. Den nære naboen til skulen har jobba saman med mange skulesjefar: Magne Nygård, Hans Marius Dale, Jan Spurkeland, Svein Veia og Dag Halvorsen.



Frå sveive- til trådlauselefon.

seier den utadvendte dama.

62-åringen har vore med på ein del forandringar gjennom eit langt arbeidsliv, og ho vil spesielt trekka fram kopiering og telefon. Ho har utallige gonger stått og sveiva på blå spritstensileringsmaskin. Så kom svart-



stensilen som var elektrisk, men viss ho skulle ha mange kopiar sveiva ho også på den. Det blei enklare då kopimaskinen kom, som i dag har utvikla seg til å bli svært moderne.

Det er ikkje berre tensileringsmaskinar som er blitt sveiva på av den påtroppande pensjonisten. Oscar Larsen fortalde i samband med nedlegginga av Postkontoret i 1998 at sveivetelefonordninga tok slutt i Bokn rundt 1976, noko som betyr at Fridun også har jobba med slikt system. Skulen hadde lenge berre ei linje, og ho hugsar mange muntre historiar i samband med dette. I dag har skulen rundt 20 ISDN-linjer, og Fridun sit med moderne telefon med fleire funksjonar. Trådlaus har det også blitt, noko som er svært praktisk. Så lenge han verkar....., legg ho raskt til, saman med ein spontan og klukkande latter. Det er ikkje alltid den moderne teknologien vil samarbeida.

Ho ser fram til pensjonisttilværelsen. I båt, vil nok mange som kjenner henne seia.- Ja, det blir nok det også, men.... eg får så mykje å gjera at, humrer ho medan telefonen ringer.

Personleg har eg sett svært stor pris på å ha hatt henne som medarbeidar sidan hausten 1986, enten ho har hjelpe til med musikkskulearbeid, bygdabladararbeid eller kulturarbeid generelt. Dyktig er ho, og kvikk både i arbeidet og i replikken. Eg ynskjer ei framifrå dame mange gode år som pensjonist!

TIL FRIDUN

Kjære Fridun. Du har valgt å slutte i jobben når vi tar juleferie på skolen. Derfor vil jeg bruke anledningen til å skrive noen ord til deg. Først og fremst for å takke deg for et tett og godt samarbeid gjennom mange år. Du har vært en dyktig og lojal medarbeider, med en egen evne til å vise omtanke for elevene og skolepersonalet. Mer enn mange har du vist i praksis hva fundament skolen drives på, og at man kommer lenger med omtanke enn med krittikk.

For meg personlig markerer det avslutningen på en lang endringsprosess i skolen når du nå slutter. Husker du i 1989? Jeg kom til Bokn som nyansatt skolesjef. Var ivrig etter å gjøre en god jobb med skolen og skape en god plass å være og lære for elevene og personalet. Med 3 timers reisetid hver dag og høye ambisjoner om en skole med eleven i sentrum, må jeg ha vært ganske stresset og ikke den letteste å jobbe sammen med.

Vi startet, sammen med de andre skolene i Norge, prosessen med å gå over fra regelstyring til mål- og rammestyring, og etterhvert kom datautstyr vandrende inn i klasserom og skolekontor.

Før var de fleste svar på hvordan en skole skal drives å finne i rundskriv. Du og jeg og permene med rundskriv var skolekontoret.

Rundskrivene ble ikke borte med den nye tiden. De ble heller flere, med skarpe krav til stadig flere planer med målformuleringer, prosedyrer og tiltak. Kvalitetssikre ble det nye moteordet.

Da jeg kom til Bokn sto du i spissen for et meget godt organisert kontorhold. Vi hadde ikke andre hjelpemidler enn penn og papir, skrive- og kopimaskin. Likevel gikk arbeidet unna. Uansett hvor mange notater og lapper jeg produserte med uleselig håndskrift, var manuskriptene ferdige før du gikk for dagen. Sakene kom ut i rett tid, jeg kan i hvert fall ikke huske at vi hadde saker som ble liggende lenge ugjort. Kontoret brukte samme system som mange andre skolekontor på den tiden, og fungerte

som det skulle. Det eneste som var spesielt i Bokn var hvor utrolig raskt du arbeidet.

Skrivemaskinene fra den gang er fremdeles brukbare, de var jo nesten uslitelige. Nå har vi fått IT-utstyr og PC-er, og vi skifter PC stadig oftere. Ikke fordi de er utslitt, men fordi de blir for små til de stadig større programmene det kreves at vi må ha.

Det merkelige er at kontorarbeidet ikke blir mindre når PC-ene blir kraftigere. Det ser ut til at kravene til informasjon og kvalitet på papirarbeidet stiger i takt med kapasiteten på utstyret. Og skolekontoret har i dag mange saker liggende ugjort, noe som var ukjente i skrivemaskinens dager.

Som du vet blåser det av og til litt rundt skoler, så også i Bokn. Uro er alltid enklest å håndtere når meningene kommer fram ansikt til ansikt. Vanskeligere er det når meningsforskjeller blir taklet med å snakke om og ikke til. Da kan det røyne på. I slike perioder var du like urokkelig blid og hjelpsom, gull verdt på en arbeidsplass. Aldri har jeg hørt deg si et vondt ord om noen, uansett hva du har opplevd, aldri har jeg opplevd deg illojal eller blande roller.

Du slutter ved et tidsskille. Skolen står foran en ny tid. Som statsråd Trond Giske nylig sa på en konferanse om skolebygg for ungdomssteget:

Vi står foran et skifte som skyldes konsekvensene av den nye digitale tid. Framtiden sitter ikke lenger stille på rekker ved skolepulten. Den er i stadig bevegelse, med de krav til plass som det stiller. Men en ting er uforandret. Politikerne kan bygge så riktige, fleksible og flotte skoler de vil, det hjelper ikke uten oppegående tydelige voksne i skolebygget. Voksne som forstår at barn skal være i sentrum, og som har tid for og med barn.

Takk for velgjort arbeid på skolekontoret Fridun. Men mest takk for at du alltid har hatt tid og plass for våre elever. Du representerer det beste ved Bokn-samfunnet, slik jeg har lært det å kjenne som gjestearbeider gjennom mer enn et tiår.

Dag

MINNEORD


Lars Bryningsland er død, 74 år gamal.

Han var fødd og voks opp på Alvestad. Foreldre var Kristine og Tønnes Bryningsland. Blant fire sysken var Lars nummer to.

I 1951 gifta han seg med Erna Sirevåg. Lars tok over garden Bokneberg i 1953 etter onkelen sin, Theodor Bokneberg, og blei gardbrukar. Hans store hobby var dreining, fiske og hytta i Seiavika. Lars var flink med hendene.

Heimekjær og sosial er to dekkande ord for Lars. Han var ein god ektefelle, far, svigerfar og bestefar. Å reisa på ferie til utlandet og treffa folk likte Lars godt.

Han etterlet seg kone, tre barn og åtte barnebarn.





av
ungdomsarb.
Ann Kristin
Grønnestad

KLUBBKVELD!!!

Lørdag 18. november var den nest siste klubbkvelden i år 2000. Og siden vi bare hadde to kvelder igjen, fant vi ut at vi hadde lyst til å prøve laserskyting enda en gang. Egentlig var planen min å reise til en annen nærliggende by, men etter nærmere undersøkelser, fikk jeg vite at stedet var nedlagt (for tre år siden!). Faktisk var det så nedlagt at det var slått konkurs, dratt for skifteretten, reist sivilt søksmål mot (av kreditorer), og mannen i nabolokalet deres lo godt da han fortalte dette til meg. Han var tydeligvis overlykkelig over å være kvitt dem.

Så vi satte nok en gang snuten mot Haugesund og Quazar. Vi hadde skaffet oss et par maxi-taxi'er og denne gangen slo vi faktisk rekorden vår! Vi var akkurat 30 ungdommer, mellom 13 og 20 år, i tillegg til en av læringene og meg selv. Akkurat som sist ble vi tatt i mot av en meget hyggelig ung herre-mann, som bød på god service og god kaffe.

Som jeg jo har fortalt før, så går laserskyting ut på at man har på seg en vest og har en "gunner". Deretter deler en seg opp i to lag, og stormer inn i et lokale som er fullt av vegger, ganger, bildekk, røyk, musikk- og lyseffekter. Jeg har prøvd å ta noen bilder der inne for å vise dere, men siden nesten alt inne i lokalet er malt svart, med en del selv-lysende effekter på veggene, ble det egentlig ikke så veldig bra kvalitet på bildene. Vi har derfor brukt et bilde fra forrige by-tur. Dersom dere er ute etter et skikkelig adrenalin-kick og er for feige til å hoppe i fallskjerm, så vil jeg oppfordre dere til å samle en gjeng og dra til Quazar i Flotmyrgt. 194 i Haugesund.



Denne gangen var de største guttene noe utspekulerte. De byttet på vester og herjet på slik at de fikk et lag bestående kun av svære, høye og atletiske karer. Testosteronet hang tett i lufta. Og så spilte de mot jenter som var opp til seks år yngre enn seg! De andre gangene de skulle dele opp i lag, var det etter nøye vurdering fra meg, og det var en del av dem som pent måtte gi fra seg vesten og plassen på et suverent vinnerlag, for å utjevne oddsen litt. Det kan da ikke være gøy å vinne noe, hvis lagene er "feige"?

Etter noen runder på Quazar, ble vi hentet igjen av taxi'ene, og denne gang hadde vi en liten vri på tingene. Vi kjørte hjem til Bokn, og fortsatte klubbkvelden, vel fremme på skolen. Der var det noen som ville inn på data'en med en gang, mens de fleste ville i gymsalen for å riste av seg litt "villskap". Og når disse energibuntene setter i gang, da er det så vidt at jeg tør å gå gjennom gymsalen. Jeg sniker meg så godt jeg kan inn til veggene, og bena mine fryser fast til gulvet hver gang jeg ser en ball komme susende mot meg. I siste

øyeblikk langer en av ungdommene ut et langt og hengslete tenåringsben og forandrer ballens retning.



Unntatt den ene gangen på forrige klubbkveld... Jeg stod ikke inne i selve gymsalen engang, og ble likevel truffet så det suste i hodet flere timer etterpå. Det som var mest irriterende, var at det så åpenbart var et uhell, derfor kunne jeg liksom ikke bli så sint heller!

Litt senere kom det en noe fortvilet ungdom bort til meg og fortalte at han hadde glemt lommeboka si i taxi'en, og at han måtte ha den fordi han skulle ut og reise neste dag. Jeg sa at jeg kunne ringe til sjåføren av drosjen, men at jeg ikke kunne gjøre det med en gang. Grunnen til det fortalte jeg ham ikke, men jeg hadde mistet hørselen på det ene øret, og det andre bare suste det i. Heldigvis ga dette seg i løpet av kvelden/ natta, men jeg er ikke akkurat blitt mindre skeptisk til å gå gjennom gymsalen nå!

I to og en halv time, spilte vi volleyball. Vi solgte pizza, snop og brus. Siden vi hadde begynt en time før denne kvelden, så skulle vi egentlig pakke sammen og gå hjem klokken 24.00, men det drøydde til 00.30. Den gjenglemte lommeboken var allerede blitt funnet da jeg snakket med drosjesjåføren, og den ble hentet neste dag. Det var vel egentlig det eneste "uhellet" vi hadde denne gangen. Moro hadde vi det og slitne var vi da vi endelig kunne gå hjem.



Her er gjengen samlet. Dette bildet er fra forrige tur til Haugesund, men stort er det de samme ungdommene som var med denne gang.

ÅRSMØTE 14.11 I BOKN BÅTFORENING

Årsmelding:

- Søkt og fått positiv tilbakemelding til disponering av kommunens areal.
- Kjøpte oss kaffetrakter og "okkuperte" sjøhuset til Egil, der er det samling hver søndag kl 10.30 til ca 12.30. Alle er velkomne !
- Var ute og fisket med speiderene under landsleiren.
- Har skaffet oss flytebrygger.
- Har trykket T-sjorter og vimpler med egen logo.
- Laget og trykket lokal "kulturkalender" for båtfolk i Bygdabladet.
- Arrangert "ta sjansen" i Vågholmen sammen med Røde Kors.
- Innsamling til Redningsselskapet.
- Fikk redningsskøyta til å komme på marknadsdagen i Alvestadkroken, vi solgte vimpler og t-sjorter.
- Har fått skriftlig tillatelse til å bruke Tåganens som småbåthavn..
- Utført ca. 250 dugnadstimer.
- Vi er i dag 65 medlemmer, de fleste av de er hustander, så det må vi si oss meget godt fornøyd med.

Valg av styre:

Trond Vatnaland gjenvalgt som formann. Arild Ognøy,

Egil Ognøy og Hans Ovidth ble gjenvalgt i styret. Arild Nilssen trekker seg og blir erstattet av Terje Alvestad.

Forslag til aktiviteter for år 2000:

- Løse problemstillingen med båthavn.
- Kurs båtførerprøven.
- Opptrekk Føresvik.
- Opptrekk Alvestadkroken.
- Oppgradere gjestebrygge Føresvik.
- Oppgradere gjestebrygge Alvestadkroken.
- Muring etc. i Vågholmen (utehavn).
- "Ta sjansen"
- Innsamling for Redningsselskapet
- Båttur med en klasse fra skolen
- Tur til sør-Hidle
- Markedsdagen i Alvestadkroken
- Lage en lokal kulturkalender for båtfolk.

Forslag som kom under møtet:

Felles båttur for medlemmer.

Legge ut fortøyningsbøye i Ognahavn.

Tur til fiskerimuseet.

Tur med barnehagen.

Vi synes det har vært ett bra år for Bokn Båtforening, og vil med dette takke de som har bidratt til det.

BÅTFØRERKURS

I regi av Bokn Båtforening vil det bli mulighet for medlemmene å ta Båtførerbevis tidlig i år 2001.


Instruktør blir Lars Sigmund Alvestad.

Kurset vil gå mandagskvelder fra kl 19.00 til 22.00 i uke 3, 4, 5, 6, 7, 8 og eksamen i uke 9 på allrommet på Boknatun.
Med andre ord: 15., 22., og 29 januar, 5., 12., 19. og 26.

Kurspris blir ca kr 600,- inkl. kursmateriell og eksamen.
For andre enn Bokn Båtforenings medlemmer blir det ett tillegg på kr 200,-

Det er bindende påmelding innen 24. desember.

Kontakt Trine Grønnestad på telefon 52 74 84 16



PIANO TIL BOKN BEDEHUS

Bokn bedehus har vore i drift i snart 10 år. Den 24. februar 1991, berre eit par dagar etter at Boknasundbrua var opna, vart huset innvigd og samla Bokn til eit bedehusrike. Og huset har vore i flittig bruk. Møter, basarar, festar, kulturkveldar, bedehuset sin dag, korøvingar, sundagsskule, speidararrangementer, ungdomskveldar, soknerådsmøter, konfirmant- undervisning, utleige til private selskaper og utleige til organisasjonar til årsmøter o.l. har gått slag i slag. Bedehuset har hatt ein viktig rolle i kultur- og kristenliv på Bokn, og alt tyder på at det vil det også ha framover.

Song og musikk har ein stor plass i bedehusmiljøet, og huset er utstyrt med orgel. Men oftare og oftare har me sakna pianoet. Sundag den 25. februar 2001 skal det feirast 10-årsjubileum, og styret har sett seg som mål at då skal pianoet vera på plass. Kommunen har gitt oss ei jubileumsgåve på kr. 10.000,- til pianoet! Dessutan har me fått løfte om ein

bra sum frå SR-Bank Bokn.

Men du må nok hjelpa til du og. Det er opretta eigen konto for piano til Bokn bedhus, og den kan gåva di gå inn på:

Det er:

Konto nr. 3373 20 04551

Helsing bedehusstyret



YPPERLEG VATN I BOKN!

I samband med saksgangen for endeleg godkjenning av vannverket i Bokn, anbefaler overveterinær Jarl I. Alne i Næringsmiddeltilsynet Haugaland at kommunestyret i Bokn vedtar endeleg godkjenning for Kyrkjebygda vannverk.

I uttalelsen frå Alne heiter det at vannverket i Bokn framstår som eit veldrive vannverk som leverer vatn av jevn, høg kvalitet som tilfredsstiller krava i Drikkevannforskriftene.



BOKN KOMMUNE
SEKSJON KULTUR
5561 BOKN


PIANO/KEYBOARD-UNDERV.

Det er ledige elevplassar på desse instrumenta frå januar 2001.

Opplæringa er 30 min. eineundervisning pr. veke, og prisen er kr. 800,- for eit semester. Lærar er Venevil Birkelund.

Interesserte tar kontakt med kulturkontoret innan 22. desember.





GARDS- OG ÆTTESOGA FOR BOKN

Noko gammalt frå KRO

Av Birger Lindanger

Danskar på villspor

Etter at Ognaland blei avfolka i samband med pestepidemieane etter 1349, har Kro vore den nordlegaste garden på Austre Bokn. Etter at fastlandssambandet kom i 1991, blei det sett opp eit vegskilt, "Kro", ved europavegen. Det førde til at mange sommartørste danskar svinga opp på jakt etter noko leskande. Men namnet "Kro" er eit naturnamn som òg er kjent andre stader, t.

"Larsen"-slekta blir til

Frå midten av 1700-talet og langt inn på 1800-talet, var det stabile tilhøve på Kro. Garden var delt i to jamnstore bruk heilt fram til 1841. Son fylgde far på begge bruk fram til 1772. Det året tok Mons Andersson frå Ogn over etter Kristoffer Larsson på bruk 1 i samband med at han gifta seg med dottera Gunnhild. Ho døydde barnlaus fyrst i 1790-åra og kring 1794 gifta 50-åringen Mons seg opp att med kring 19 år gamle Marta Jakobsdotter frå Øvrabø. Ho var det som gjennom det andre ekteskapet sitt blei stammor til den kjende Larsenslekta i Kro og i Føresvik. Og det var den andre mannen hennar, Lars Olsson, som gav slekta namnet sitt.



Luftfoto av Kro sett mot nordaust i 1959. Midt i bildet "Bygningen" i Kro (også kalla "Larsenhuset"). Til venstre "Gullhaug" og ovanfor "Larsenløa" ligg tunet til bruk 2.

d. i Hjelmeland, Vestby og Ås. Namnet tyder beint fram ein krok som her må vera den kroken garden ligg i under Håklepp.

Lars kom i 1780 til verda på Furra i Sjernarøy som son til Ola Gunnarsson og Kari Olsdotter. Faren døydde då Lars bare var to år gammal. Sidan vaks Lars opp i Sandvik i Tysvær dit mora gifta seg kort etter. Sjølv gifta altså Lars seg til Kro. Ventleg var det banda til

Sandvik som etter kvart påverka Lars i haugiansk lei.

Sildefiske og skipsfart

Marta og Lars bygde seg med tida opp til ein leiande posisjon i bygda – både gjennom sildefiske og sildeeksport og satsing på skipsfart og moralsk ved at Lars blei ein leiande haugianar som mellom anna var med på skipinga av Norsk Misjonsselskap i 1842. Borna deira skulle utvikla vidare det foreldra hadde lagt grunnlaget for. Den eldste sonen, Mons, flytta til Føresvik og bygde seg opp økonomisk der med sildesalting, handel og annan verksemd. Nest eldste sonen, Ola, tok over heime og bygde seg opp gjennom skipsfart og sildefiske til å bli den rikaste mannen i bygda. Han gifta seg med Ingeborg Monsdotter frå Ringsaker på Austlandet. I 1847 reiste han saman med henne og henta tømmer frå hennar heimstad både til det prektige herskaphuset som framleis står og til kyrkja. Det var også han som sette opp det store sjøhuset og sildesalteriet som framleis står ved sjøen i Krovågen.

Dottera Oline gifta seg med tysværbuen Anders Toreson og fekk i 1841 saman med han skilt frå bruk 2 i Kro. Også Anders blei ein av dei fremste mennene i bygda og dei to blei stamforeldre til ei mangfelt slekt som har prega bygda sidan, ei slekt som mellom andre har omfatta folk som kvar på sine felt har vist igjen i bygda.

"Larsen" i Kro dreiv eit ganske omfattande jordbruk og i 1894 kjøpte han mellom anna opp bruk 1 av Øvrabø. Familien dreiv i stor skala, òg hadde alt i 1855 to drengar og tri tenestejenter. Det var meir enn på resten av Kro til saman.

Det var i fyrste rekkje husdyrhaldet dei satsa på. Medan det rett etter hundreårsskiftet kasta av seg kring kr.1.095 årleg, gav åkeren mindre enn tredjeparten. Ikkje minst satsa dei på sauehald og leigde stølsbeite inne i Slettedalen ovanom Hellandsbygd i Sauda. Sauen blei då frakta med båt frå Kro og heilt inn til Sauda og sidan driven opp i heia til fots. Dette heia-beitet var det elles noko usemje om i 1840-åra, såpass at det blei drege for tinget for løysing.

Men dei heilt store inntektene hausta Larsen-familien i Kro av havet. Steg for steg bygde dei seg opp økonomisk og skatta ein periode i siste halvta av 1800-talet mest like mykje som resten av boknarane til saman. Det var særleg seglskip det blei satsa på, og overgangen til damp svekka inntektene fram mot hundreårsskiftet. Familien hadde også råd til å gje borna skikkeleg utdanning. Såleis hyrte dei i 1859 haugianaren Sjur Elleflåt som huslærer.


"Kong Kåre"

Skipsfarten gav arbeid til fleire familiemedlemmar. Medan Ole Larsen sjølv var skipsredar, var eldste sonen Lars M. skippar, den nest eldste, Ole Jakob, var styrmann medan den yngste, August, var jungmann midt i 1870-åra. Systersonen Lars Kristoffersson som budde på "Hannajordå" på Øvrabø, var elles skipper og initiativtakar til det store "Kong Kåre"-prosjektet i 1870-åra. "Kong Kåre" var eit seglskip kalla opp etter den store "Kong Kåre"-haugen på Ognaland. Bønder over heile Austre Bokn panta gardane sine og kjøpte aksjer i skipet.

Men det gjekk dårleg, Lars fekk store vanskar med å sikra skipet last. Resultatet var at det gjekk konkurs og reiv med seg fleire av eigarane, mellom anna Lars, i fallet. Fleire av bøndene laut gå frå gardane sine og drog til USA.

Skipsreidaren i Kro

Ikkje slik med morbror Lars Olsson og syskenbarnet Lars M. Larsen. Dei sto utanfor prosjektet og blei difor ikkje dregne med i fallet. Framleis i 1911 gav skipsfarten halvta av alle inntektene til Lars M. Larsen Kro. Gardsdrifta gav 30% av inntektene, medan resten kom i hovudsak frå fiske og kapitalinntekter.



"Bygningen" i Kro (bruk 1) kring 1900. På slåmaskinen til venstre LM (Lars Martinus Larsen) og til høgre for han truleg Martin Kro. Den eldste av kvinnene til høgre er truleg Ingeborg, mor til LM.

I alt åtte han fem skipspartar: i seglskipa "Nordkap", "Kong Haakon", "Leseps", "Argo" og "Fram". Til saman var desse partane verdte kr.19.000, nett det same som verdien av all jord i Kro! Men den samla formua til L.M.Larsen svara til kr.52.000, om lag som all jord på Austre Bokn med unnatak av Våga! Årsinntekta hans på kr.4.812 låg elles jamnt fem gonger over gjennomsnittet for bønder flest og svara til all annan inntekt i Kro til saman.

LITT OM NYTT

Tekst og foto: Jardar Havikbotn




Her kjem ein garasje på 60 m² til kommunen sin ambulanse. Odd Grønnestad tar seg av grunnarbeidet medan Bernt Øvrebø skal setja opp *skjelettet* før kommunen sine egne tilsynsmenn tar seg av *innmaten*.

Forutan rom til ambulansen blir det også ein garderobe/utstysrom. Han skal vera ferdig i januar neste år.

Den kommande skuleutbygginga vil skje rett bak denne garasjen.

Med ny barnehage, meir parkering frå skulen og besøkande til området generelt har parkeringsbehovet blitt stort etterkvart, og det er laga ein p-plass til for å imøtaka dette.

Denne ligg slik til at han kan brukast i samband med skuleutbygginga, og er ikkje asfaltert førebels i tilfelle han skulle koma i konflikt med utbygginga.



Den store klossen på kaien i Føresvik er komen opp over drivstoffpumpene, og skal vera ein levegg for vér og vind. Styrar ved Bokn handelslag, Annbjørn Sunde, seier til Bygdabladet at det blir kledd mot nord og sjølv sagt på taket. Han trur leveggen vil få betydning for heile kaien, og med tanke på at Bokn Plast tar av for sørausten skulle det bli bra der nede.

Til venstre i bildet ser ein litt av steinmassen som skal brukast til p-plass. Denne skal m.a. vera der venterommet står i dag, og skal stå ferdig eit halvt års tid etter at venterommet er fjerna.

29. november starta Anita Bokneberg opp igjen som frisør i Bokn etter sju års pause. Tidlegare dreiv ho Hårfixen i Føresvik saman med Mona Våga, og nå har dei begge salongar i kvart sitt hus.

Planen til Anita har heile tida vore å starta opp privat dersom det blei husbygging ein gong, og nå er alt på plass.

Ho har ope onsdagar kl. 09.00 - 19.00 og fredagar 09.00 - 16.00.

Det har nok skjedd ein del nytt, og rett etter jul skal eg på kurs, smiler ho. Det gjer også ei nøgd Ingrid Jøsang i stolen.


Gratulerer med nytt hus og ny salong!





PÅ KRYSS & TVERS


av Lars Morten Kro



- Det e varmt t årstiå å ver,
men allikavel så e d utruligt
kalt om
morgningen!! -

Løysningar!!

1




Til å bli klok på:

Alle atomer kjemper
om å få fylle elekt-
ronskall, og det blir
ofte store reaksjoner
når dette skjer. Så er
det så rart at folk er så
grådige her i ver-
den....!!

2

B	E	G	I		H	A
Æ	R	A		F	Y	
R		U	H	E	L	L
	K	L	O			U
G	R	E	L	T		K
J	O		D	U	S	E
Ø	M		E	T	A	N




Gratulerer!!!
Du har vunnet!!!

KODEKRYSSERIER

Innleveringsfrist: 1.januar

Namn:


1	2	3	3	4	5		5	6	7	8	4
9	10	4	11		4		2	11	10	4	12
12	4	7	4	8	6	13	13		9	7	4
10		6	14	4	11		4	12	3	4	11
11	15	16		8	4	7	8		4	12	16
9	11	12	4			8		17		4	16
12	18		14	9	11	6	16	4			7
4	5	4	12	3	6	16		8	9	10	10
11	6	7	4		7	4	8	8		9	
	16		5	9	8			4	3	5	4
10		17	2	11	4	11	13	11	2	14	4
18	7		7	4		↙					
12	4	3		9	11	19					
8	6			5	4	9					
9	5	4	12			7					
12	4		7	13	9	10					
8	11	6	1	15	12	4					



J disse Juletider...



VANRETT:



1. Modig
5. Rugg
9. God
10. Møbler
12. By
14. Smerte
15. Omtrent
16. Retning
17. Ledelsen
19. Musikalsk instrument
22. Fiskeredskap
23. Havdyr
24. Hev
25. Inntekt
27. Pikenavn
28. Knapp
29. Kjøkkenredskap
31. Vokse
33. Tåre
35. Organisasjon
36. Anfall
38. Guttenavn
39. Merker
41. Bråk
42. Tidsangivelse fork.
44. Jordart
45. Skinne
47. Svi
48. Drikk
49. Sportsgren
51. Søk
52. Knas
54. Nedbør
55. Smarting
57. Bivuakk
59. Øyner
60. Stang
61. Fase

Loddrett:

1. TV-kanal
2. Selskap
3. Diplomatisk
4. Spire
5. Skuespill

6. Råtten

7. Gi

8. Oppløp

11. Kan

13. Grep

18. Par

20. Grunnstoff

21. Flåte

25. Fortapt

26. Dyr

29. Egne

30. Omvendt nektelse

32. Flott

34. Bryte

35. Si

37. Yte

38. Hastet

40. Tirre

43. Amatør

46. Båtutstyr

50. Korn

53. Reise

56. Kjemisk symbol

57. Flire

58. Moderne

LYKKE TIL & GOD JUL



LÅTT OG LØYE

med Vegar Våge



HA HA HA

Vet du hvordan svenskene vasker en bil?
Svar: Den ene holder svampen mens den andre kjører frem og tilbake.

Liller Per så strålende på sin far og sa:- Når jeg blir stor skal jeg gifte meg med farmor!
Far:- Det er umulig. Du kan ikke gifte deg med min mor!
Per:- Men du har jo giftet deg med min mor.

-Hvorfor holder du fingeren på biffen min, kelner?
-For at den ikke skal falle på gulvet en gang til.

HE HE HE

En mann kom hjem i de små timer.Han listet seg forsiktig inn på soverommet.

Så hørte han kona mumle i halvsøvn:

- Er det deg, Einar?
- Ja, svarte mannen, nesten fornærmet.
- Ventet du en annen?



Og hva er Sveriges tynneste bok?
Svar: Svensk humor gjennom tidene.

- Bankkort er en fin ting!
De viser at uttak er verdens lønn.



- Stemmer det at du flyktet hjemmefra da din kone kastet en stol etter deg?
- Nei, det var først da svigermor kastet et blikk bort på pianoet at jeg tok bena fatt.
- Jøss, så liten broren din er!
- Ja, men det er ikke så rart. Han er bare halvbroren min.

Læreren:- Nils, kan du bøye adjektivet "billig"?
Nils:- Ja da, det heter billig, utsalg, gratis.




- Jeg har både gode og dårlige nyheter til deg. Hva vil du høre først? spurte legen der han sto over sengen til mannen som nettopp hadde våknet av narkosen.
- Jeg vil høre de dårlige nyhetene først.
- Vi var nødt til å amputere begge bena.
- Og hva er de gode nyhetene?
- Mannen i sengen ved siden av er interessert i å kjøpe tøflene dine.

Hvorfor tror du en svenske står og ser opp mot solen?
Svar: Han vil ha brune øyne.




HO HO HO



MÅNEDENS BLOMST





til Asta Hognaland!



Bokn musikkorps ønsker å gi månedens blomst til Asta Hognaland. Med dette vil vi vise vår takknemlighet for at hun har brodert juleduken for oss dette året også. Dette har hun gjort mange år på rad, og vi vet at hun også broderer til andre foreninger. Dette synes vi er en veldig fin gjerning, og hun fortjener en oppmerksomhet. Slik "dugnadsånd" skulle vi ønske at alle hadde.

Tusen takk Asta, for det arbeidet du har gjort for oss!

Bokn Musikkorps



Du kan ikke forsikre deg mot ulykker - de bare skjer

-men nå får du ny og enda bedre **Personforsikring** hos oss som omfatter:
Livsforsikring. Uførekapital. Uførepensjon. Ulykkesforsikring og
Barne- og ungdomsforsikring.

SpareBank 1 SR-Bank

BOKN



SWIPE-PRODUKTER

- Swipe—rengjøringsprodukter
- MiFi—Microfiberkluter & mopp
- NaturCare—hudpleieprodukter
- Jeunique—smykker & vesker

For demonstrasjon og salg,
kontakt

Ragnhild Trosnavåg
tlf. 52 74 85 04



KJEM NISSEN TIL BARNEHAGEN I ÅR?


Me går overflodens tid i møte. Det er på tide å byrja å tenkja på våre fjørklede venner. Snart kjem NISSEN. Barnehagen lurar på om det er NISSAR på Bokn.

Gamle barnevogner, leiker, reolar/hyller og anna som kan vera nyttig i barnehagen tar me i mot med takk.

Dersom du er usikker om du har noko som barnehagen kan ha nytte av, ta det med til barnehagen. Er det ikkje noko me kan nytte, tar me og eventuelt kastar det for dykk.

Kontakt oss på tlf. 52 75 25 70

BARNEHAGEN
INFORMERER



 **BOKN KOMMUNE**
SEKSJON SOSIAL
BARNEVERNLEIAREN
5561 BOKN

HAR DU LYST Å BLI STØTTEKONTAKT?

Barneverntenesta har behov for støttekontaktar. Å vera støttekontakt vil seia å vera nokre timar i veka saman med barn som har behov for ein person som td kan ta dei med på fritidsaktivitet eller

andre ting dei har interesse for.

Lønstrinn 10 i det kommunale regulativet.

Er du interessert, så ta kontakt med barnevernleiar Eva Moi for nærare opplysningar, tlf. **98221509**

BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

SMARKED

BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler båring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk dumperbiler.
- Levering av rør og kummer.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

**VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP**

Takk for all oppmerksomhet på
85-års dagen min!

Othilie Akşdal

Hjertelig takk for blomster og deltagelse ved
vår kjære Lars Bryningslands bortgang.

Familien

LITE HUS M/BÅTPLASS TIL LEIGE

Huset ligg på Jøsang og er frå ca. 1938.

Tlf. 52 83 65 93



HÅRSMIA



- ✂ Fører Goldwell-produkter
- ✂ Trendline
- ✂ LC2-serien
- ✂ Dagswax-produkter

Sveiser på hår i assorterte farger.

Åpent etter avtale – Timebestilling 52 74 86 47
Mona Våga

KULTURKONTORET STENGT

13. - 15. desember p.g.a. eksamensavvikling.

Tusen takk!

for alle bidragene vi fikk i forbindelse med auksjonen den 4. november.

Vi fikk inn omtrent 20.000 kr netto, og er strålende fornøyd

med resultatet.

P.S. Vi ønsker alle hjertelig velkommen til Luciafest
10. desember kl. 18.30

Bokn musikkorps

UNGDOMSARBEIDAREN

er å treffa på Boknatun
tysdag og onsdag.

Direktenr. 52 75 25 12

Ann Kristin Grønnestad
ungdomsarbeidar

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag
og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33

Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik
fysioterapeut

FOTTERAPI

kvar onsdag på
legekontoret
kl. 09.00 – 14.00

For påmelding,
tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen
fotterapeut

SONETERAPI/NATURMEDISIN

ope etter avtale
på fysioterapirommet.

Timebestilling:
52 74 86 11

Jorid Veia – heilpraktikar

LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn
tysdag og torsdag
kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Akşdal
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro
likningssjef i Bokn

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50
Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde
trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord	
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordførar Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Svein Erik Larsen
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen
52 75 25 15	Telefaks Boknatun	
52 75 25 30	Bokn sjukestove	
52 74 85 22	Legevaktsentralen	
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/fredag 08.00 – 15.00	Laila Nemeth
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag
52 75 25 43	Helsesøster tysdag/torsdag Open helsestasjon torsdag	Marie L. Faye
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Annette Bokneberg
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/onsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad
52 75 25 50 98 22 15 10	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Thuestad
52 75 25 54 98 22 15 09	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi
52 75 25 66	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard
52 75 25 67	Telefaks skulen	
52 75 25 70 98 22 15 12	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth
52 75 25 70	Petra Fritidsklubb	(På klubbkveldar)
52 75 25 80	Tannlegekontor	Anita Knutsen

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post: jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 150,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året (ikkje januar og august)

STORT FORSIDEBILDE

Barnehageopning 28.11.00, foto: Jardar Havikbotn

TILBUD

STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 135,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 145,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes,

4150 Rennesøy


51 72 32 87

946 70 873

A-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

4. KLASSINGAR OM ÅR 2000




Roar



Wolfgang



Endre



Janne Elin



Eirik



Shane



Lillian



Vegar